SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

**Nærings- og kulturavdelinga**

**Sakshandsamar:**
Ingebjørg Erikstad
E-post: ingebjorg.erikstad@sfj.no
Tlf.: 41530941

**Vår ref.**
Sak nr.: 18/545-5
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**
9278/18

**Dykkar ref.**

**Dato**
FØRDE, 27.02.2018

# Møtereferat

**Referent:** Ingebjørg Erikstad

---

<u>Deltakarar:</u>
Gulen kommune: ordførar Hallvard Oppedal og dagleg leiar Anne Hopland
Sogn og Fjordane fylkeskommune: fylkesordførar Jenny Følling og ass.fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

## Tusenårsstaden Gulatinget - vidare strategiar

<u>Bakgrunn for møtet:</u>

På bakgrunn i drøftingar i styringsgruppa for Tusenårsstaden Gulatinget hadde Gulen kommune v/ordførar bedt om eit møte med fylkesordføraren for å presentere og drøfte strategiar for å løfte Gulatinget som eit Vestlandsprosjekt. Spørsmålet gjekk m.a. på om dette var eit prosjekt som kunne løftast gjennom fellesnemnda for den nye fylkeskommunen. Vidare ønskte kommunen å drøfta ev andre tiltak/strategiar for å stadfeste Gulatinget sin posisjon i Norge.

<u>Drøfting og konklusjon:</u>

Fylkesordføraren konkluderte med at det ikkje er aktuelt å ta inn denne typen saker i fellesnemnda. Ho inviterte til ein diskusjon om korleis vi kan ta dette vidare i fellesskap.

Vidare satsing på Tusenårsstaden Gulatinget må inn i regional plan for kultur som skal vedtakast hausten 2018.

Det er også aktuelt å sjå dette i samanheng med samarbeid med Hordaland (og Moster) om med Nasjonaljubileet 2030, særleg knytt til Landslovjubileet 2024.

Fylkesordføraren tek kontakt med fylkesordførar i Hordaland, Anne-Gine Hestetun med spørsmål om eit møte for å lufte ideen om eit samarbeid mellom det to fylkeskommunane for å løfte Gulatinget til eit nasjonalt senter for forsking og formidling av regionaltinga si historie.

<u>Vedlegg:</u>
Presentasjon «Gulatinget – Vestlandsmakt gjennom 400 år»

<u>Mottakar (ar)</u>
Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK
Jenny Ellaug Følling, FORD

<u>Kopi til:</u>
Tore Eriksen, FRM
Jan Heggheim, NKA